

VEDTEKTER FOR HORDALAND VENSTRE ÅM2018 >

§1. FØREMÅL

Hordaland Venstre har som føremål å arbeide aktivt for Venstre si sak i fylket, i samsvar med hovudvedtektene og programmet til Venstre.

§2. MEDLEMSKAP

Personar over 15 år som ikkje er medlem i noko anna parti, og som deler Venstre sitt grunnsyn, kan verte medlem i Venstre. Medlemskapen gjeld frå det tidspunktet ein melder seg inn. Medlemsrettar får ein når kontingenten er betalt.

Samla kontingent fastsettast av Venstre sitt landsmøte og gjeld òg Hordaland Venstre. Hordaland Venstre kan rapportere inn tilleggskontingent etter vedtak på årsmøtet. Landsmøtet fastset kven som har rett til redusert kontingent.

Medlemskap, og dei rettar medlemskap gjev, gjeld berre i eitt lokallag.

Den einskilde medlem skal vere knytt til eit lokallag, og kan sjølv velje kva lokallag han/ho vil vere medlem i.

Medlemskapen er personleg, og medlemsrettar kan ikkje overførast til andre.

§3. ORGANISASJON

Hordaland Venstre er samansett av Venstre sine lokallag i fylket.

Fylkesårsmøtet og fylkesstyret er dei sentrale organa i fylkesvenstrelaget. Fylkesvenstrelaget er innmeldt i Venstres Hovedorganisasjon.

Hordaland Venstrekvinnelag og Hordaland Unge Venstre er sjølvstendige fylkesorganisasjonar med eigne vedtekter, og dei er tilslutta fylkesvenstrelaget. Dei legg fram melding med rekneskapssamandrag frå verksemda siste år, på fylkesårsmøtet.

Begge kjønn skal som ein hovudregel, vere representert med minst 40% i fylkeslaget sine styrer, utval og komitear. Regelen gjeld òg ved val av landsmøteutsendingar og ved nominasjon.

Hordaland Venstre sine partiorgan kan ikkje instruere folkevalde som er innvalde for Hordaland Venstre utover det programmet dei er valde på. Dersom det er punkt i eit partiprogram ein folkevald ikkje kan følgje, så har den folkevalde plikt til å informere vedtaksorganet om dette.

Hordaland Venstre sine folkevalde representantar pliktar å skape gode politiske prosessar og lytte til innspel frå eige parti.

Hordaland Venstre sine folkevalde representantar dannar i fylkestinget si eiga gruppe med gruppereglement.

Reglementet skal innehalde reglar om samarbeid med fylkeslaget, mellom anna at leiaren av fylkeslaget skal kallast inn til gruppemøta. Dei folkevalde skal leggje vekt på vedtak frå fylkesårsmøtet og fylkesstyret.

Røystereglar i fylkeslaget

Møteleiaren gjer framlegg om korleis røystingane skal gå føre seg, men personval skal skje skriftleg dersom minst éin person krev det. Vedtak i andre saker enn dei som gjeld vedtektsendingar gjerast med fleirtalsvedtak.

Dersom røystetala for og mot i ei sak er like, fell framlegget.

Ved val av leiar og nestleiarar krevst over halvparten av dei avgitte røystene. Oppnår ein ikkje det ved første røysting, skal det haldast bunde omval mellom dei to som har fått flest røyster.

Dersom det er røystelikskep ved andre valomgang, vert valet avgjort ved loddtrekking.

Røystesetlar ved val skal vera påført det same antal namn som det skal veljast personar i valomgangen.

§ 4. FYLKESSTYRET

Fylkesstyret leiar arbeidet i fylkesvenstrelaget mellom årsmøta, i samsvar med vedtektene og årsmøtevedtaka. Det kjem saman minst 4 gonger mellom kvart ordinært årsmøte, og elles så ofte leiaren eller minst ein tredel av fylkesstyret krev det.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene, av dei leiaren eller ein av nestleiarane er til stades.

Leiaren kallar saman styret og leiar møta.

Fylkesstyret er samansett av dei årsmøtevalde medlemmene, ein representant vald av Hordaland Unge Venstre og ein representant vald av Hordaland Venstrekvinnelag. Det er ein føresetnad for representasjonsretten at dei tilknytte organisasjonane har halde årsmøte same år som fylkesårsmøtet eller året før dette.

Leiaren for Venstre si fylkestingsgruppe møter i styret utan røysterett. Det same har partiet sine stortingsrepresentantar frå Hordaland høve til.

Fylkesstyret plikter å følgje opp vedtektene og har ansvar for fylkeslaget sin økonomi, nettsider, politikkskaping, informasjonsverksemd, skulering, medlemsverving og utoverretta verksemd.

Fylkesstyret har ansvar for å stifte nye lokallag samt å følgje opp dei eksisterande lokallaga sitt arbeid. Vidare skal fylkesstyret medverke til at det vert utarbeidd lokale valprogram og at det vert stilt vallister for Venstre i alle kommunar i fylket.

Fylkesstyret skal i mellomvalsår før respektive stortings- og fylkestingsval setje i gang ein open nominasjonsprosess og sørge for at nominasjonsmøtet vert halde innan utgangen av februar (i valåret).

Fylkesstyret skal til kvart årsmøte leggje fram melding om verksemda i fylkeslaget saman med revidert rekneskap for fylkeslaget. Årsmelding og rekneskap skal sendast til Venstres Hovedorganisasjon seinast ein måned før Venstre sitt landsmøte tek til.

Fylkesstyret set ned dei utval som er naudsynte til å ta seg av særlege arbeidsoppgåver, som til dømes valkamputval og skuleringsutval.

Fylkesstyret skipar til minst ei fylkessamling i året og regionmøte der representantar frå fylkesstyret og lokallaga i regionen deltek.

Styret tilset den naudsynte hjelp på fylkeskontoret.

Fylkesstyret skal leggje til rette for at framlegget til stortingsvalprogram vert drøfta i lokallaga før det vert handsama på fylkesårsmøtet.

I god tid før fylkestingsvalet skal styret nemne opp ei programnemnd som skal kome med framlegg til fylkesprogram for komande fylkestingsperiode. Programframlegget skal sendast til lokallaga til drøfting før det vert slutthandsama av fylkesårsmøtet.

Fylkesprogrammet skal vere retningsgjevande for utforminga av dei lokale valprogramma og for arbeidet til fylkestingsrepresentantane og Venstre sine medlemmer i fylkeskommunale råd og utval.

Protokollar frå forhandlingane i styret skal sendast til medlemmer og varamedlemmer i styret, til sekretariatet i Venstres Hovedorganisasjon, til dei tilslutta fylkesorganisasjonane og til leiarane i Venstre sine lokallag i fylket. Merknader til protokollen må leggjast fram seinast på neste møte.

Fylkesstyret kan nemne opp eit arbeidsutval som førebur saker til handsaming i fylkesstyret og følgjer opp vedtak fatta av fylkesstyret. Arbeidsutvalet skal ha eit klart mandat som vert vedteke av fylkesstyret. Arbeidsutvalet er samansett av leiar og to medlemmer valde av og blant fylkesstyret sine medlemmer. Protokollar frå forhandlingane i arbeidsutvalet skal sendast til medlemmene og varamedlemmene i styret. Merknader til protokollen må leggjast fram seinast på neste møte i arbeidsutvalet.

§ 5. FYLKESÅRSMØTET

Fylkesårsmøtet har den høgste styringsretten innan fylkeslaget. Årsmøtet skal haldast innan utgangen av februar.

Fylkesstyret kallar inn til møtet med minst ein månads varsel.

I innkallinga vert det sett ein frist for påmelding, og for å kome med framlegg til politiske fråsegner/andre framlegg som ein ønskjer skal bli tatt opp på årsmøtet. For seint innkomne framlegg må ha 2/3 fleirtal for å verte handsama.

Saksdokument skal sendast lokallag/påmelde utsendingar minst 7 dagar før årsmøtet.

Fylkesårsmøtet skal berre handsama dei saker som er sette opp på saklista for møtet.

Ekstraordinært årsmøte vert halde når minst ein tredel av lokallaga krev det skriftleg eller når styret vedtek det. Ekstraordinært årsmøte kan berre handsama den saka eller dei sakene som står på saklista ved innkalling til møtet. Det skal kallast inn med minst 10 dagars varsel. Dei valde utsendingar til det ordinære årsmøtet er utsendingar til det ekstraordinære.

Fylkesårsmøtet er samansett av medlemmene i fylkesstyret, utsendingar valde av Venstre sine lokallag og sideorganisasjonane etter følgjande reglar:

For lokallag av Venstre:

a) antal medlemmer i lokallaga:

Inntil 25 medlemmer 1 utsending

26-50 medlemmer 2 utsendingar

51-100 medlemmer 3 utsendingar

Vidare 1 utsending for kvart påbyrja 50 medlemmer

og

b) antal røyster ved siste val som er gjennomført i fylket

Inntil 150 røyster: 1 utsending

For overskytande inntil 1900 røyster: 1 utsending pr. påbyrja 250 røyster

For overskytande inntil 7900 røyster: 1 utsending pr. påbyrja 400 røyster

vidare 1 utsending for kvar påbyrja 700 røyster

Representasjonsretten byggjer på medlemstalet pr. 31.12, og berre betalande medlemmer vert rekna med.

Delegatane valde av lokallaga må ha medlemsrettar i partiet for å kunne møta på fylkesårsmøtet.

I kommunar utan lokallag, men der det er avgitt røyster for Venstre ved valet, tek årsmøtet stilling til kven som kan representere kommunen på grunnlag av røystetal.

Sideorganisasjonane sin representasjon vert basert på antal mogelege delegatar frå lokallaga totalt, slik at sideorganisasjonane får tilsaman 15% delegatar på toppen av desse. Desse delegatane vert fordelt etter medlemstal

(antal betalende medlemmer i kvar sideorganisasjon), men slik at kvar sideorganisasjon får minimum to delegatar.

Delegatane skal ha fullmakter underskrivne av leiar og ein styremedlem i lokallaget eller leiar av sideorganisasjonen.

Venstre sine stortingsrepresentantar frå fylket og partiet sine representantar på fylkestinget kan delta i forhandlingane i fylkesårsmøtet, men utan røysterett.

Fylkesårsmøtet er eit ope møte, med mindre møtet i ei sak, eller for deler av ein debatt, vedtek lukka dører.

Konstituering

Under konstitueringa styrer leiaren møtet.

Møtet nemner opp:

- Møtestyrarar
- Leiar og medlemmer i ei fullmaktsnemnd som gjev innstilling til årsmøtet om godkjenning av utsendingane sine fullmakter.
- Minst ein referent som fører protokoll
- Eit teljekorps
- Eventuell redaksjonsnemnd(er) for endringar til politiske program
- Supplering til redaksjonsnemnd for politiske fråsegner
- To personar til å skrive under protokollen

Protokollen skal vere underskriven og tilgjengeleg seinast ein måned etter fylkesårsmøtet. Endeleg godkjenning av protokollen skjer i det første fylkesstyremøtet etter fylkesårsmøtet.

Val

Fylkesårsmøtet skal gjennomføra val av:

- Fylkesstyre

Det første og det tredje ordinære fylkesårsmøtet i stortingsperioden vel leiar, første og andre nestleiar, 4 styremedlemmer og 7 varamedlemmer.

Fylkesstyret tilset sekretær og rekneskapsførar.

- Revisor

Det første og tredje ordinære fylkesårsmøtet i stortingsperioden vel to personar som ikkje er medlemmer eller varamedlemmer i styret til å revidere rekneskapen til fylkeslaget dei to følgjande åra.

- Landsmøteutsendingar

Kvart fylkesårsmøte vel utsendingar og varautsendingar til Venstre sitt landsmøte i samsvar med tildelt antal.

- **Nominasjonsnemnd**

Det første og tredje ordinære fylkesårsmøtet vel ei nominasjonsnemnd. Styret kjem med framlegg på nominasjonsnemnd. For fylkesvalet 2019 skal Hordaland Venstre og Sogn og Fjordane Venstre ha felles nominasjonsnemnd.

- **Valnemnd**

Det andre og fjerde ordinære fylkesårsmøtet vel leiar og fire medlemmer til ei valnemnd. Ingen av medlemmene eller varamedlemmene i fylkesstyret kan vera medlemmer eller varamedlemmer av valnemnda.

Valnemnda skal på neste fylkesårsmøte koma med framlegg til val av fylkesstyre, revisorar og landsmøteutsendingar. På fylkesårsmøtet året deretter skal valnemnda koma med framlegg til landsmøteutsendingar. Styret kjem med framlegg på valnemnd.

- **Redaksjonsnemnd**

Kvart ordinære årsmøte vel, etter innstilling frå fylkesstyret, neste års redaksjonsnemnd samansett av: ein leiar, to medlemmer og to varamedlemmer. Redaksjonsnemnda gjennomgår, redigerer og innstiller overfor årsmøtet innkomne framlegg til politiske fråsegner og andre framlegg fylkesstyret oversender til nemnda. Kvar av sideorganisasjonane tiltrer nemnda med kvart sitt medlem. Redaksjonsnemnda skal møtas i forkant av årsmøtet for å gjennomgå dei innkomne fråsegnene.

Andre arbeidsoppgåver

Alle ordinære fylkesårsmøte skal:

- Handsame og røyste over styret sitt framlegg til årsmelding og rekneskap. Styret har ikkje røysterett i desse sakene. Årsmelding og rekneskap følgjer kalenderåret.
- Handsame fylkesstyret sitt framlegg til budsjett.
- Gjere vedtak om ein eventuell tilleggskontingent for året etter.
- Handsame organisasjonsspørsmål.
- Handsame og røyste over andre saker som er sette fram i samsvar med vedtektene.

Årsmøtet i stortingsvalår skal:

- Handsame og eventuelt fremme endringsframlegg til utkast til stortingsvalprogram.

Årsmøtet skal i valår orienterast om plan for valarbeidet i fylket.

§ 6. NOMINASJON

For fylkestingsvalet 2019 skal Hordaland Venstre og Sogn og Fjordane Venstre ha felles nominasjonsmøte.

Nominasjonsmøtet skal heldast seinast innan utgangen av februar i det året valet finn stad og innkallast av fylkesstyra med minst 1 månads varsel.

Hordaland Venstre sine delegatar til nominasjonsmøtet består av fylkesstyret sine årsmøtevalde medlemmer og av delegater valt av lokallagsårsmøta i Venstre etter følgjande reglar:

- a) Tal på medlemmer i lokallaga:
Inntil 25 medlemmer: 1 delegat
26-50 medlemmer: 2 delegater
51-100 medlemmer: 3 delegater
Vidare 1 delegat for kvar påbyrja 50 medlemmer.

og

- b) Tal på røyster i den enkelte kommune ved siste val som er gjennomført i fylket:

Inntil 150 røyster: 1 delegat
For overskytande røyster inntil 1.900; ein delegat for kvar påbyrja 250
For overskytande røyster inntil 7.900; ein delegat for kvar påbyrja 400
For ytterlegere overskytande røyster; ein delegat for kvar påbyrja 700

Medlemstalet bereknast per 31. desember og berre betalande medlemmer reknast med.

I kommunar utan lokallag, men der det er gitt røyster til Venstre ved valet, tar nominasjonsmøtet stilling til kven som kan representere kommunen på grunnlag av røystetal.

Delegatar frå lokallag skal ha fullmakter underskrive av leiar i lokallaget. Derneft har dei tilslutta organisasjonane Hordaland Unge Venstre, Hordaland Venstrekvinnelag og Hordaland Liberale Studentforbund, i tillegg til sin styrerepresentant, éin delegat per fungerande lokallag i fylket sine kommunar eller samanslåtte lag. Det er ein føresetnad for representasjonsretten at laga har halde årsmøte same år som nominasjonsmøtet eller året før dette. For fylkeslag som vel å halde nominasjonsmøtet i november eller desember året før val, tas det utgangspunkt i medlemstalet pr. 1. november same år som nominasjonsmøtet heldast.

Nominasjonsmøtet konstituerast på same måte som fylkesårsmøtet. Val av delegatar frå lokallaga skjer på lokallagsårsmøte eller eige medlemsmøte i det enkelte lokallag. Slikt lokalt medlemsmøte kallast inn med 14 dagars varsel gjennom skriftleg invitasjon til alle medlemmer i lokallaget.

§7 PROGRAMARBEID FOR FYLKESTINGSVALET 2019

For fylkestingsvalet 2019 skal Hordaland Venstre og Sogn og Fjordane Venstre ha felles programnemnd og program møte.

§8 SAMANSLÅING

Fylkeslaget kan slå seg saman med eitt eller fleire fylkeslag til éin organisasjon ved 2/3-flertal og elles etter nærmare føresegner i VHO sine vedtekter. Eit slikt regionlag må i vedtektene ivareta de organisatoriske løysningar som er nødvendige i forhold til oppgåvene knytt til nominasjon og innlevering av lister til fylkestingsval og stortingsval. Berre medlemmer som har røysterett i det enkelte fylke kan vere med å setje saman lista for dette fylket.

§9. ENDRINGAR I VEDTEKTENE

Desse vedtektene kan berre endrast av fylkesårsmøtet når minst to tredelar røystar for det. Framlegg til vedtektsendringar skal på førehand leggjast fram for fylkesstyret og sendast ut seinast innan ein månad før fylkesårsmøtet til dei tilslutta organisasjonane og Venstre sine lokallag i fylket. Før endringane trer i kraft må dei vera godkjende av Venstre sitt sentralstyre. Eit eventuelt avslag på godkjenning i sentralstyret kan ankast til landsstyret.

Sist endra på årsmøtet 11.02.18